



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 77

(2008–2009)

## Om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 29. mai 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på rv 7 og rv 49 i Kvam kommune i Hordaland. Det er også lagt opp til eit tiltak i Granvin kommune. Ein stor del av investeringane er planlagt mellom dei to tettstadane Øystese og Norheimsund. Kvammapakken skal i hovudsak finansierast med bompengar. I tillegg er det lagt til grunn statlege midlar. Som følgje av forvaltningsreforma er rv 49 og dei delane av rv 7 som inngår i Kvammapakken føresett omklassifiserte til fylkesveggar frå 2010. Det er difor lagt til grunn at føresette statlege midlar til Kvammapakken etter 2009 blir dekkja av Hordaland fylkeskommune.


### 2 Omtale av prosjekt og tiltak

Kvammapakken omfattar prosjekt og tiltak på rv 7 og rv 49. Eksisterande veg har i hovudsak dårleg standard. I fleire av prosjekta inngår bygging av gang- og sykkelveg og fortau. Ein stor del av investeringane skal gjennomførast på rv 7 mellom Norheimsund og Øystese i Kvam kommune. Her er det lagt opp til omlegging på strekninga Øystese vest–Nes og utbetring mellom Nes og Norheim-

sund. Det er vidare lagt opp til fleire mindre tiltak på rv 7 mellom Øystese og Granvin grense, utbetring av kryss mellom rv 7 og rv 13 i Granvin og trafikksikringstiltak på rv 7 ved Kvamskogen. På rv 49 er det planlagt utbetringar sør for Norheimsund og ved Linga.

Mellom Øystese vest og Nes er det planlagt ei omlegging på om lag 1,7 km. Av dette er om lag 1,2 km lagt i tunnel gjennom Børveneset. Vel 0,3 km lokalveggar og 0,25 km gang- og sykkelveggar inngår i prosjektet. Ved Øystese vest er det planlagt ei rundkøyering, og ved Nes er det planlagt eit T-kryss. Godkjent reguleringsplan ligg føre. Kostnadsoverslaget er 169 mill. 2008-kr, som er 11 mill. kr høgare enn ved den lokale behandlinga av bompengesøkningen. Omrekna til 2009-prisnivå er overslaget 176 mill. kr. Samfunnsøkonomisk netto nytte (NN) for prosjektet er rekna til 10 mill. kr. Netto nytte over kostnad (NN/K) er 0,1. Det blir lagt opp til anleggsstart hausten 2010, og prosjektet er venta opna for trafikk i 2012.

For resten av tiltaka ligg det i hovudsak ikkje føre vedtekne reguleringsplanar. På enkelte stader finst vedtekne reguleringsplanar av eldre dato. Desse må vurderast på nytt og ev. oppdaterast. Kostnadene er difor usikre. Førebelse kostnadsoverslag for dei andre prosjekta og tiltaka i Kvammapakken varierer mellom om lag 10 mill. kr og om lag 80 mill. kr.



Figur 2.1 Oversiktskart

### 3 Lokalpolitisk behandling

Den første bompengesøknaden frå Kvam Bompengeselskap AS er frå oktober 2005. Det var lagt til grunn fullfinansiering med bompengar. Det var planlagt to bomstasjonar: ein ved kommunegrensa mellom Granvin og Kvam og ein ved kommunegrensa mellom Kvam og Samnanger (ved Kvamskogen). Kvam og Granvin kommunar slutta seg til søknaden. Samnanger kommune stilte seg negativ til bompengesøknaden. Kommunestyret behandla saka på nytt i februar 2006 og rådde framleis frå realisering av bompengoordninga i Kvammapakken.

Etter samråd med fylkeskommunen og Statens vegvesen blei søknaden omarbeidd. Den vestre bomstasjonen blei flytta frå Kvamskogen til øvst i Steinsdalen (nærare Norheimsund). Fordelinga av investeringsmidlar mellom rv 7 og rv 49 blei endra, og det blei lagt til grunn 25 mill. kr i statlege midlar. Saka blei lagt fram for Kvam kommunestyre som slutta seg til den omarbeidda søknaden i møte 13. juni 2006. Vidare blei saka lagt fram for fylkes-

tinget 10. oktober 2006. Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

1. Fylkestinget går inn for at Kvam Bompengeselskap AS får løyve til å krevje inn bompengar for å finansiere prosjekta i «Kvammapakken» slik det er skissert i bompengesøknaden datert 22. mai 2006.
2. Som ein del av det samla finansieringsopplegget for «Kvammapakken» går fylkestinget inn for å prioritere 25 mill. kr i statlege midlar frå sekkepostane innanfor den fylkesfordelte riksveggramma i siste del av perioden 2006-2009 og første del av perioden 2010-2015.

Saka blei ikkje lagt fram til ny politisk behandling i Granvin og Samnanger kommunar.

På grunn av kostnadsauke blei bompengesøknaden revidert. Bompengeperioden blei auka til 19 år og dei statlege midlane var auka til 43 mill. 2008-kr. Kvam kommunestyre behandla saka 14. oktober 2008 og slutta seg til søknaden.

Hordaland fylkesting behandla saka 10. desember 2008. Fylkestinget fatta følgjande vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner nye føresetnader og endringer i revidert bompengesøknad, datert 1. oktober 2008, for finansiering av Kvammapakken.
2. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskyldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr som Kvam Bompengeselskap AS tek opp til delvis finansiering av Kvammapakken. Garantien gjeld i inntil 19 år. Fylkeskommunen kan krevja pant i retten til å krevja inn bompengar.
3. Fylkeskommunen teiknar aksjar for kr 160 000 i Kvam Bompengeselskap AS og skal ha fleirtal i styret i selskapet.
4. Budsjettet for 2008 vert endra slik:
 

<hr/>	
10 720 200 00 14900	
Tillegssløyvingskonto	- kr 160 000
10 790 100 00 15700	
Interne finanstrans	+ kr 160 000
10 740 020 00 05290 00 071 10	
Kjøp av aksjar	+ kr 160 000
10 740 020 00 09700 00 071 10	
Interne finanstrans	- kr 160 000
<hr/>	
5. Fylkestinget godkjenner at det vert gjeve eit lån på inntil 2,5 mill. kr til Kvam Bompengeselskap AS. Lånet er rentefritt og skal betalast attende med bompengar.
6. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å kjøpa renteopsjon til rentesikring av bompengelån til finansiering av Kvammapakken.

#### 4 Utbyggings- og finansieringsopplegg

---

Kvammapakken er føresett finansiert med fylkeskommunale midlar og bompengar. I det lokalt behandla opplegget er det lagt til grunn ei samla kostnadsramme på om lag 440 mill. kr, omrekna til 2009-prisnivå.

##### Fylkeskommunale midlar

I tråd med føresetnadene for fylkestinget si behandling 10. desember 2008 er det lagt til grunn 43 mill. 2008-kr i statlege midlar til Kvammapakken. Omrekna til 2009-prisnivå utgjer dette 44 mill. kr, dvs. 10 pst av den økonomiske ramma for pakka. Som følgje av forvaltningsreforma er det lagt til grunn at midlane blir løyvde som fylkeskommunale midlar. Det er lagt til grunn at midlane blir løyvde i perioden 2010-2013.

##### Bompengar

Bompengelopplegget omfattar ein bomstasjon på rv 7 øvst i Steinsdalen, om lag 5 km vest for Norheimsund, og ein bomstasjon på rv 7 ved kommunegrensa mellom Granvin og Kvam kommunar. Det er lagt til grunn at innkrevjinga blir starta i 2010.

Det er lagt opp til å etablere automatiske bomstasjonar med to takstgrupper: lette køyretøy (køyretøy med totalvekt til og med 3 500 kg), og tunge køyretøy (køyretøy med totalvekt over 3 500 kg). Det er føresett ei gjennomsnittleg inntekt pr. passering på 24 kr i 2004-prisnivå. Omrekna til 2009-prisnivå tilsvarar dette 31 kr. Det er førebels rekna ut at taksten vil bli om lag 39 kr for lette køyretøy og 78 kr for tunge køyretøy. Det er lagt til grunn at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

Det er lagt opp til at trafikk som passerer begge bomstasjonane i løpet av 1,5 time berre skal betale ein gong. Dette gjeld også ved passering av same bomstasjon i løpet av 1,5 time. Vidare er det lagt til grunn at takst- og rabattsystemet blir i tråd med gjeldande takstretningslinjer. Ved forskotsbetaling er det mogleg å oppnå rabattar på 30-50 pst. Ved den lokale behandlinga er det lagt opp til parallellinnkrevjing i byggetida som er rekna til fire år og deretter etterskotsinnkrevjing i 15 år, til saman 19 års bompengeperiode.

Trafikktala som er nytta er baserte på framskrivning av Statens vegvesen sine trafikkteljningar i m.a. bompengesnitta frå 2006, saman med ei nummer-skiltregistrering frå sommaren 2005. Det er gjort frådrag for timesregel (1,5 time) og bortfall av inntekter frå utanlandske køyretøy. Trafikktala er blitt vurderte opp mot teljingar på rv 7 ved Kvamskogen i 2006, 2007 og 2008 og den overordna trafikkanalysen med transportmodell som blei gjennomført for Vossapakko i 2006/2007. Statens vegvesen tilrår at det blir nytta eit trafikkgrunnlag for Kvammapakken (betalande årsdøgntrafikk) på 2 360 køyretøy i basisåret 2008. Det er vidare lagt til grunn ein årleg trafikkvækst på 1 pst. Desse trafikkføresetnadene inneber ei mindre nedjustering samanlikna med føresetnadene ved den siste lokale behandlinga.

Hovudregelen ved innkrevjing av bompengar er nytteprinsippet. Dei som betalar bompengar skal ha nytte av prosjektet. Denne samanhengen går også andre vegen, slik at dei som har nytte av eit vegprosjekt, også skal betale bompengar, jf. mellom anna St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan 2010-2019*. Statens vegvesen sine trafikkteljningar, saman med ei nummerskiltregis-

trering frå sommaren 2005, viser at om lag 75 pst av bompengeinntektene vil kome frå trafikk som kjem utanfor bompengesnitta og skal til og frå Kvam kommune, primært i området Øystese-Norheimsund. Dersom heile Kvammapakken blir gjennomført, vil alle desse trafikantane få nytte av eit eller fleire prosjekt/tiltak. Det vil vere lokaltrafikk innafør bompengesnitta som får nytte, men som ikkje betalar. Over tid vil truleg mange av desse trafikantane betale på andre turar til og frå Kvam kommune.

I St.meld. nr. 32 (1988-89) *Norsk veg- og vegtrafikkplan 1990-93* og i St.meld. nr. 46 (1990-91) *Om endring i rammebetingelser for bompengeprojekter*, er bompengeperioden avgrensa til 15 år. Det er likevel opna for at 20 år kan vurderast i spesielle tilfelle, utan at det er gitt nærare føringar for når dette kan vere aktuelt. Bakgrunnen for å avgrense lengda på innkrevjingsperioden er omsynet til trafikantane og at uvisse knytt til ulike føresetnader for finansieringsvurderingane aukar framover i tid. For Kvammapakken er det ein føresetnad at omfanget av utbygginga blir tilpassa den økonomiske ramma. Ei forlenging av bompengeperioden frå 15 til 20 år vil auke uvisse, og det er i denne proposisjonen lagt opp til ulike tiltak for å kompensere for dette, sjå forslag til utbyggings- og finansieringsplan.

Det er lokalpolitisk støtte til bompengeopplegget.

Bompengar utgjer 90 pst av investeringskostnadene.

Bomstasjonane er basert på Autopass-systemet og vil ha tilsvarende teknologiske løysingar som eksisterande bomstasjonar i Oslo, Bergen eller Tønsberg. Betaling av bompengar vil skje ved bruk av ei elektronisk brikke eller ved etterskotsvis fakturering basert på videofotografering av registreringsnummer på bilen. Av omsyn til personvern blir det lagt opp til å kunne betale ved nærliggjande bensinstasjon, eller tilsvarende, som har avtale med bompengeselskapet. Departementet viser til St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan 2010-2019* der det blir varsla eit interdepartementalt arbeid om anonymitet i heilautomatiske bomstasjonar, jf. også St.prp. nr. 40 (2007-2008).

Etter ei samla vurdering tilrår Statens vegvesen opplegget som er foreslått. Samferdselsdepartementet er samd i dette.

#### *Forslag til utbyggings- og finansieringsplan*

I bompengesøknaden er det i utgangspunktet ikkje lagt opp til å ha ei prioriteringsrekkefølgje for prosjekt og tiltak. Det er lagt til grunn at heile utbyg-

ginga skal gjennomførast i løpet av fire år. Det er lagt opp til låneopptak. I bompengesøknaden står det at dersom det blir vesentlege endringar i kostnadsalkyler, trafikkgrunnlag eller finansieringsføresetnader som peikar i negativ retning, kan det bli aktuelt å foreta ei justering av inntektsgrunnlaget. Vidare står det at dersom dette ikkje blir tilstrekkeleg, kan det bli aktuelt med ei prioritering av prosjekt/tiltak i pakken, og eventuelt redusere eller utsetje eit eller fleire prosjekt/tiltak.

Statens vegvesen viser til at det for bompengepakker er vanleg at omfanget av utbygginga blir tilpassa den økonomiske ramma. Dersom kostnadene for nokre av prosjekta aukar, vil dette innebære at andre prosjekt ikkje blir bygde. Dersom prosjekta blir rimelegare enn rekna med, vil det bli plass til fleire prosjekt i pakka. Statens vegvesen tilrår at alle kostnadsauker må løysast innafør den samla kostnadsramma for Kvammapakken.

Statens vegvesen viser til at det ligg føre vedteke reguleringsplan og kostnadsoverslag for prosjektet rv 7 Øystese vest – Nes med planlagt anleggsstart i 2010. Øvrige prosjekt og tiltak kan startast opp når planavklaring ligg føre og finansiering er avklara. Det vil bli etablert ei styringsgruppe som skal sørge for at alle prosjekt og tiltak som blir starta opp, let seg finansiere innafør dei økonomiske rammene for Kvammapakken og at innkrevjinga kan avsluttast innan utløpet av bompengeperioden. Det blir lagt til grunn at Hordaland fylkeskommune, Kvam kommune, Statens vegvesen og bompengeselskapet er representerte i styringsgruppa. Denne vil førebu prosjekt og tiltak for fylkestinget si behandling av årsbudsjett mv.

Sidan Kvammapakken utanom prosjektet Øystese vest – Nes i stor grad omfattar utbetringstiltak og mindre prosjekt, bør det ikkje vere vanskeleg å tilpasse utbygginga til tilgjengelege midlar dersom utbygginga blir gjennomført over lengre tid enn det som er lagt til grunn i bompengesøknaden. Statens vegvesen har rekna på eit opplegg for å gjennomføre heile pakken over ein periode på åtte år, dvs. fire år lengre enn det som blei lagt til grunn for den lokale behandlinga. Statens vegvesen tilrår på bakgrunn av dette at det førebels blir lagt til grunn eit maksimalt låneopptak på 250 mill. kr. Samferdselsdepartementet støttar denne vurderinga.

I bompengesøknaden er det lagt til grunn ei lånerente på 5,75 pst. Dette er lågare enn det som ordinært blir lagt til grunn i bompengesaker. I denne proposisjonen er det lagt til grunn eit rentenivå på 6,5 pst med føresetnad om dokumentasjon for rentenivå før bompengeavtalen blir underskriven, som er vanleg i bompengeproposisjonar. Ved

ev. lågare rente kan denne leggjast til grunn ved styringa av Kvammapakken med tilpassing av utbygginga til den økonomiske ramma.

Basert på føresetnadene i denne proposisjonen inkl. 6,5 pst lånerente, er det rekna med at det føresette bompenggebidraget på 395 mill. kr kan finansierast med bompenger dersom innkrevjingsperioden blir sett til 20 år. Samla finansieringsbidrag er rekna til 560 mill.kr, fordelt på 395 mill. kr til å dekke delar av investeringskostnadane og 165 mill. kr til å dekke renter. I tillegg kjem 100 mill. kr til å dekke innkrevjingskostnader og kostnader til drift av bompengeselskapet. Dette er noko meir enn det som blei lagt til grunn ved den siste lokale behandlinga. Brutto bompenggeinntekter blir dermed 660 mill. kr.

Følgjande basisføresetnader er lagt til grunn:

- Utbyggingkostnader: 440 mill. kr, omrekna til 2009-prisnivå
- Trafikkgrunnlag: 2 360 køyretøy pr. døgn (2008-nivå)
- Årleg trafikkvekst: 1 pst
- Lånerente: 6,5 pst
- Årleg prisstigning: 2,5 pst
- Årlege innkrevjingskostnader: 5 mill. kr
- Gjennomsnittleg bompengetakst: 31 kr (omrekna til 2009-prisnivå)
- Oppstart av innkrevjinga i begge bomstasjonane i 2010

Samferdselsdepartementet legg til grunn inntil 20 års bompengeperiode for Kvammapakken dersom det er lokal støtte til dette. Alternativt kan den økonomiske ramma for utbygginga bli tilpassa ein bompengeperiode på 19 år, som er lagt til grunn ved den lokale behandlinga.

Det er lagt til grunn at fylkeskommunen løyver 44 mill. 2009-kr og at resterande beløp opp til investeringsramma på 440 mill. 2009-kr kjem frå bompengar. Bompenggeandel blir om lag 90 pst.

## 5 Garantiar

Gjennom vedtaket av 10. desember 2008 har Hordaland fylkeskommune vedtatt å stille sjølvskuld-nargaranti for lån på inntil 370 mill. kr. Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet.

Kommunal- og regionaldepartementet vil stille seg positive til å godkjenne fylkeskommunenes

vedtak om garanti etter at det ligg føre vedtak fra Stortinget om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken.

## 6 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet viser til at bompengepakker er meir fleksible enn bompenggeinnkrevjing for enkeltprosjekt. Det blir lagt til grunn at omfanget av utbygginga i Kvammapakken må tilpassast den økonomiske ramma. Sidan Kvammapakken for ein stor del omfattar utbetringstiltak og mindre prosjekt, bør det ikkje vere problematisk å tilpasse utbygginga til tilgjengelege midlar. Dersom kostnadsoverslaget for nokre av prosjekta aukar, vil dette innebere at andre prosjekt ikkje blir bygde. Dersom prosjekta blir rimelegare enn rekna med, vil det bli plass til fleire prosjekt i pakka. Det blir førebels lagt til grunn eit maksimalt låneopptak for Kvammapakken på 250 mill. kr, basert på en byggeperiode på om lag 8 år. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget dersom det blir behov for å auke låneramma.

Alle riksvegprosjekta innan Kvammapakken er på den delen av øvrig riksvegnett som blir overført til fylkeskommunane når forvaltningsreforma trer i kraft i 2010. Dette inneber at Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for å løyve føresette statlege midlar til Kvammapakken frå 2010.

Det er ein føresetnad at bompengeselskapet inngår bindande avtale om rente som er lågare enn 6,5 pst for ein periode på 10-15 år. Samferdselsdepartementet føreset at dokumentasjon for avtale om rentenivå blir sendt Vegdirektoratet før bompenggeavtalen blir underskriven.

## 7 Avtale

Etter at Stortinget har gjort delvis vedtak om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Kvammapakken, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland

I

Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av Kvammapakken etter vilkåra i denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

---

---



